



Sak nr 9/2008

Møtedato: 28.1.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 786

S 786, Nørre Trøllhøvd – søknad om endra vilkår for treningsbane

Torill Trøen søker om å få lage treningsbane for hest på Nørre Trøllhøvd. Planen er å trene egne hestar og etter kvart ta inn hestar til oppstalling og trening. Banen er i hovudsak planlagt på stølsutvisning og tilleggsjord. Søkjaren ynskjer at treningsbanen kan gjerdast inn, og det blir derfor søkt om å få gjerde inn arealet mellom stølen og tilleggsjorda.

I sak 46/08 gjorde fjellstyret følgjande tilråding:

Fjellstyret tilrår at søkjaren får opparbeide resten av treningsbanen og at det blir utstedt gjerdetillatelse for området mellom stølsutvisning og tilleggsjord. Gjerdetillatelsen bør vera midlertidig, slik at avtalen kan seiast opp når banen eventuelt går ut av bruk. Fjellstyret tilrår at Statskog tek inn eit punkt i avtalen om at ein skal kunne krevja opning av ei goto mellom støl og tilleggsjord, dersom stengselet blir eit problem for beitedyr. Goto skal kunne stengjast ved bruk av banen.

Statskog skriv i brev datert 11.11.08 m.a. følgjande:

Statskog er positive til søknaden på vilkår om at søker bygger grinder på de delene av banen som blir liggende i mellom stølsvollen og tilleggsjorda. Grindene skal stå åpne all den tid banen ikke er i bruk til trening slik at det blir fri ferdsel mellom parsellene. Likeledes må det sørges for at selve banen sperres slik at dyr som passerer i mellom parsellene i den tiden grindene står åpne ikke forviller seg inn på banene. Tillatelsen vil være av midlertidig art, og den vil opphøre dersom vilkårene ikke oppfylles eller banen ikke lenger er i bruk.

Søkjaren ber i brev datert 18.1.09 om ei ny vurdering av vilkåret om inngjerding arealet mellom støl og tilleggsjord. Dette arealet vil ein gjerne bruke til beite og det blir dessutan mykje unødvendig gjerdehald etter Statskog sitt krav. Søkjaren har forståing for at det kan vera nødvendig med eit goto om det i framtida blir problem for beitedyr. Dersom dette skjer ynskjer ein å laga til ei goto mellom stølsjordan og tilleggsjorda til Rødningen (F 633). For å få eit trygt grunnlag å gå i gang med treningsbanen, ber søkjaren om at gjerdetillatelsen blir permanent.

I fjellstyret sitt vedtak 46/08 tilrådte fjellstyret at krav om goto vart reist dersom det vart eit problem for beitedyr ein gong i framtida. All utvisning av jord i statsallmenning er midlertidig, dvs jord fell tilbake til allmenningen om jorda ikkje er i bruk. For stølsutvisning er det 20 år og tilleggsjord er det 5 år.

Vedtak:

Fjellstyret opprett tidlegare tilråding om at krav om oppretting av goto ikkje blir reist før det blir eit problem for andre beitedyr, jf. vedtak 46/08. Fjellstyret er ikkje negative til å endre plassering av goto, men finn at dette er best å ta stilling til når det blir aktuelt å krevja goto. Fjellstyret tilrår derfor at det blir stilt krav om at det skal stillast krav om at det skal kunne krevjast ei goto, men at det ikkje er nødvendig bestemme plassering i dag.

Fjellstyret har forståing for at søkjaren treng meir sikkerheit for å behalde arealet enn det som er skissert i Statskog sitt løyve. Midlertidige avbrot, grunna sjukdom eller anna, bør ikkje føre til oppseiing av avtalen. Fjellstyret tilrår derfor at krav om oppseiing av avtalen følgjer same reglar som for tilleggsjord, dvs. at arealet kan seiast opp når det har vore ute av bruk i 5 år.

Einstemming vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 6.2.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Torill Trøen